

Seim sokneråd
v/leiar Rannveig Furelid
adr: rannveig@f-r.no

Seim, 9. januar 2017

STORE TRE TRUGAR DEN GAMLE KYRKJEGARDEN I SEIM

Riksantikvaren har i brev til Kyrkjeleg fellesråd i Lindås i 1998 slått fast at den gamle kyrkjegarden i/på Seim er freda. Det er ikkje att mange gravplassar av dette slaget i landet, skriv han. Riksantikvaren strekar i brevet under at Seimsoknet må ta godt vare på dette fine kulturminnet.

Dei trea som voks opp på kyrkjegarden for nokre år sidan, var små og ufarlege. No er dei store og vil gjera uboteleg stor skade om dei ikkje vert fjerna før våren/sumaren kjem. Røtene sprengjer ut murane og dei få gamle gravstøttene som står att.

Trea må fjernast og rydjast vekk av fagfolk. Dei skal ha betaling. Kanskje kan ein samarbeida med grunneigar Alexander Hjelmtveit om dette.

Eg vil føreslå at Arnulf Hjelmtveit på vegner av soknerådet snakkar med Alexander, og at dei i samråd med soknerådet i Seim vedtek kven og korleis trea kan fjernast, og kva det vil kosta.

Vidare meiner eg at dersom soknerådet ikkje greier finansiera alt med offentlege midlar, må det resterande samlast inn på vanleg måte i bygda med soknerådet som initiativtakar.

Staden og området rundt kyrkjegarden er eit unikt kulturminne, der kyrkjevegar frå Osterfjorden, Vassbygda, Isdal og Nese møtest, og ikkje minst: der kongsgarden til Harald Hårfagre låg. Lat oss no ta vare på minnesmerket som riksantikvaren har freda!

Vonar å få tilbakemelding på dette snarast frå leiaren i soknerådet i Seim.

Med helsing

Sissel-Anny Hjelmtveit
Lurevegen 90, 5912 Seim
mob. 977 61 037
epost: sahjelm@online.no

kopi til: Kyrkjeleg fellesråd v/kyrkjevevje Torgeir Paulsen
adr: torgeir.paulsen@lindas.kyrkja.no